




# Årsmelding og rekneskap 2010

**Sogn og Fjordane Teater L/L**  
**Org.nr: 929 181 557**

Årsmelding – Årsrekneskap – Revisjonsmelding



Frå "Matias Orheim". Foto: Dagrun Reiakvam

# Styret si årsmelding 2010

## Kunstnarisk verksemd

Kunstnarisk har SoFt hatt eit svært godt år i 2010. Eit høgdepunkt var tildelinga av *Heddaprisen for særlig kunstnerisk innsats* for å setje opp ny norsk dramatikk med regionalt perspektiv.

Vi er ikkje nøgde med besøkstalet, som gjekk kraftig ned frå 2009, frå ca. 17 500 til 10 100. Årsaka til nedgangen var tredelt; avlysing (pga. sjukdom) av fleire framsyningar av *Matias Orheim – med ord, felespel og glasmusikk*, ei framsyning som hadde høge besøkstal når den vart vist. *Kinnaspelet* hadde eit svakt besøkstal i 2010, og på hausten valde vi å spele *Du ana'kje* som klasseromsteater for ca. 25 elevar per gong, i staden for å spele i tradisjonelle teatersalar som kunne gitt oss eit større publikum. Folketalet i Sogn og Fjordane er ca. 107 000. Besøkstalet til SoFt må alltid vurderast på bakgrunn av dette grunnlaget.

Teatret har vore involvert i åtte produksjonar, der sju var eigenproduksjonar, og ein var eit gjestespel. To av produksjonane vart gjorde i samarbeid med andre; *Kinnaspelet* med Kinnaspelkomiteen og *Døden* med Den Nationale Scene. Totalt hadde teatret 139 framsyningar der 14 vart spelte i eigne lokale i Førde, og resten på turné.

Teatret har i 2010 arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatikk. Fire av oppsetjingane – *Ishuset*, *Matias Orheim – med ord, felespel og glasmusikk*, *Du ana'kje* og *Tyl* – var urpremièrar.

Teateråret starta med turné av Marit Tusviks *Ishuset*, som hadde urpremière i desember 2009, eit stykke som vart godt motteke under heile turnéen, og som pga. ein krevjande scenografi gav den tekniske staben og teatret store utfordringar under opp- og nedrigging i ein januarmånad med temperaturar langt under det normale.

I samarbeid med DNS vart stykket *Døden* av Marie de Hennezel spelt på Lille Scene i Bergen. Teatret bidrog med ein skodespelar. Stykket fekk gode kritikkar og mykje merksemd, m.a. fordi det tok opp temaet aktiv dødshjelp.

I februar og mars turnerte teatret med *Stoppestaden* av Julian Garner, ein turné som enda opp i Oslo med tre framsyningar hos Riksteatret i Nydalen. Framsyninga oppnådde gode kritikkar, medan besøket var noko svakare enn venta.

I mars og april vart kyrkjene brukte som teatersal for *Matias Orheim – med ord, felespel og glasmusikk* av Mette Brantzeg og Norvald Tveit. Stykket fekk fine kritikkar, og besøket var over all forventning. Under framsyninga vart det samla inn kollekt som ein del av handlinga. Nærmare kr 80 000 kom inn og vart gitt til Kirkens bymisjon i Bergen.

Tradisjonen tru hadde teatret det kunstnariske ansvaret for *Kinnaspelet – Songen ved det store djup* av Rolf Losnegård. Spelet vart vist for 26. år på rad. Dårleg vêr må ta ein del av skulda for at publikumstalet vart i svakaste laget, ca. 1 500.

Haustens første produksjon var *Du ana'kje* av Aslak Moe, eit stykke som byggjer på samtalar med Tor Henning Karlsen, som gjennom heile oppveksten vart utsett for mobbing. Stykket vart sett opp som klasseromsteater, med plass til 25 elevar under kvar framsyning. Tilbodet var så populært at det vart spelt 45 gongar i 2010, samstundes som det vart lagt ein full turnéplan frå februar til juni i 2011.

SoFt avslutta året med urpremièren på *Tyl*, bygd på romanen med same namn av Halvor Folgerø og Finn Tokvam, dramatisert av Bodil Kvamme. Stykket vart godt motteke av kritikarar og publikum og vart spelt ni gongar i Førde i desember, før det vart sendt ut på turné i Sogn og Fjordane i januar 2011.

Teatret tok i mot eitt gjestespel i 2010 vist på Åmot Operagard. Bjørn Sundquist viste *På vidderne* av Henrik Ibsen, til stor glede for to fullsette salar i låven på Åmot.

## **Personale**

Teatret hadde 16 fast tilsette pr. 31.12.10 og om lag 55 engasjerte og vikarar gjennom året. Dette utgjer til saman 23,3 årsverk. I august 2010 starta ein lærling i kostymesyarfaget som skal ha heile læretida si på 2 år på SoFt.

2010 var Terje Lyngstad sitt 7. år som teatersjef. Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet ved SoFt som godt. Teatret er ei IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani). Totalt sjukefråvær i 2010 var 280 dagar, dette svarar til ca 6,3 % av total arbeidstid i året. Tilsvarande tal for 2009 var 191 dagar og 3,5 %.

SoFt har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 10 årsverk kvinner og 13 årsverk menn. Teatersjef og styreleiar er begge menn. Styret består av 4 menn og 2 kvinner. Av varamedlemmene til styret er 3 kvinner og 1 mann. Teatret brukte i 2010 3,65 kvinnelege og 5 mannlege kunstnariske årsverk.

## **Eigedelar og Miljø**

Teatret driv si verksemd frå Førdehuset i Førde, der vi leiger administrasjons-, prøve- og verkstadlokale. Vi leiger også lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune. Teatret eig to leilegheiter, to lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teatret det. Anna teknisk utstyr i teatrets eige er i god stand.

SoFt har halde fram som tidlegare med utlån av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket.

Teatret har som mål i all si verksemd å ikkje forureine det ytre miljøet.

## **Økonomi**

Årsresultatet for 2010 viser eit overskot på kr 2 232 008. Det var budsjettert med eit overskot på kr 390 290, og resultatet er såleis kr 1 841 718 betre enn budsjett. Dette er i hovudsak på grunn av:

- tilskot KD ny norsk dramatik 0,2 mill
- auka billettinntekter og eigeninntekt 0,3 mill
- to produksjonar mindre kostnadskrevjande enn forventa 0,5 mill
- refusjon permisjon og sjukdom 0,3 mill
- pensjonskostnader mindre enn budsjett 0,1 mill
- Budsjettert arrangørseminar ikkje gjennomført pga permisjon infosjef 0,1 mill
- Avskrivning mindre enn berekna 0,1 mill

Ved utgangen av 2010 har vi ein positiv eigenkapital på kr 2 909 733 og har med dette nådd målet om å ha 2 mill i opptent eigenkapital per 2011. Samla driftsinntekter for 2010 var kr 23 742 250, ein auke i forhold til 2009 med kr 2 643 318.

Av samla driftsinntekter i 2010 var kr 1 026 250 eigeninntekter. Det svarar til om lag 4,3 % av totale inntekter, mot 3,5 % i 2009. Teatret har tilfredsstillande likviditet.

### Vidare drift

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av årsoppgjeret.

Førde, den 7. april 2011




Norunn Lunde Furnes  
nestleiar



Olve Grotle  
styremedlem



Steinar Lægroid  
styremedlem



Tone Stangeland  
styremedlem



Kyrre Eikås Ottersen  
styremedlem



Synnøve S. Bjørset  
varamedlem staten



Terje Lyngstad  
Teatersjef/dagleg leiar

# REPERTOARET 2010

## Ishuset

Av Marit Tusvik

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi og kostymedesign: Åse Hegrenes

Lysdesign: Torkel Skjærven

Lyddesign: Jørgen Knudsen

Maskør: Kati Sjøgren

Johanne/Erna: Urmila Berg-Domaas

Helga: Elise Christine Eide

Jens: Roger Hilleren

Regine: Idun Losnegård

Sigurd: Kyrre Eikås Ottersen

Mads: Espen Sandvik

Henry S./Rasmus/Smeden: Kristoffer Sagmo Aalberg

Framsyningar i 2010: 13 (Première i 2009)

## Stoppestaden

Av Julian Garner

Regi: Rita Abrahamsen

Scenografi og kostymedesign: Åse Hegrenes

Lysdesign: Elisabeth Kjeldal Nilsson

Joe: Ole Martin Aune Nilsen

Beth: Ane Skumsvoll

Howard: Karl Sundby

Framsyningar i 2010: 19



Frå "Stoppestaden". Foto: Dagrún Reiakvam

## **Matias Orheim med ord, felespel og glasmusikk**

Av Mette Brantzeg og Norvald Tveit

Regi: Mette Brantzeg

Scenografi og kostymedesign: Erik Annar Evensen

Komponist og musikkarrangement: Per Janke Jørgensen

Matias: Frode Rasmussen

Maria: Linda Øvrebø

Musikk:

Liv-Jorun Bergset og Randi-Merete Roset i gruppa Draup – glas

Gro Marie Svidal – fele

Oddmar Amundsen – gitar

Rolf Prestø - bass

Framsyningar i 2010: 17

## **Døden**

Av Mick Gordon og Marie de Hennezel

Regi og scenografi: Thorleif Linhave Bamle

Lysdesign: Einar Bjarkø

I rollene:

Karin Stautland

Jon Ketil Johnsen

Sissel Ingri Tank-Nilsen

Stine Mari Fyrileiv

Pål Rønning

Framsyningar i 2010: 27

## **Kinnaspelet – songen ved det store djup**

Av Rolf Losnegård

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi og kostymedesign: Karel Hlavaty

Musikk: Per Janke-Jørgensen

Presten: Roger Hilleren

Margrete: Gro Ann Uthaug

Borni: Katrine Dale

Futen: Morten Røhrt

Tarve Jonson/skrivar for futen/Ramn vikinghøvding: Kyrre Eikås Ottersen

Framsyningar i 2010: 4

## **Du ana'kje**

Av Aslak Moe

Regi: Aslak Moe:

I rolla som Tor Henning: Kyrre Eikås Ottersen

Framsyningar i 2010: 45



Frå "Du ana'kje". Foto: Olav Reiakvam

## Tyl

Av Halvor Folgerø og Finn Tokvam

Dramatisert av Bodil Kvamme

Regi: Arvid Ones

Scenografi og kostymedesign: Silje Sandodden Kise

Lysdesign: Tobias Leira

Musikalsk ansvarleg: Per Janke-Jørgensen

Ove: Cato Jensen

Ragnar: Claus Sellevoll

Sara: Tiril Engelstad

Dame på Logen, Mige-Malla, Cecilie, festivaldeltakar, mor, Oslokelner og bygdetaus: Katrine Lunde Mackenzie

Kenferansiér, Kåre, Kelnerar, Paulsen, Fodnes, festivalteknikar og far: Kyrre Eikås Ottersen

Aage Vaksdal og Konrad: Aage Vaksdal

Bygdetaus: Reidu14n Støfring

Musikk: Oddmar Amundsen, Aage Vaksdal og Per Janke-Jørgensen

Framsyingar i 2010: 9



# PUBLIKUMSTAL 2010

Framsyning	Totalt			Av dette på turné		
	Tal	Publikum	Gj.snitt	Tal	Publikum	Gj.snitt
Ishuset	13	1129	87	13	1129	87
Stoppestaden	19	800	42	16	579	36
Matias Orheim	17	2565	151	17	2565	151
Døden	27	1816	67	27	1816	67
Kinnaspelet	4	1600	400	4	1600	400
Du ana'kje	45	1090	24	45	1090	24
Tyl	9	800	89	0	0	0
Anna	5	500	100	5	500	0
<b>Sum</b>	<b>139</b>	<b>10300</b>	<b>74</b>	<b>127</b>	<b>9279</b>	<b>73</b>



Frå "Tyl". Foto: Olav Reiakvam

**Sogn og Fjordane Teater L/L**  
**RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.**

	Note	2010	2009
Billett og programsal		555 570	226 085
Anna salsinntekt		470 680	409 883
Driftstilskot	6	22 716 000	20 372 964
Refusjon frå samarbeidspartnarar		0	90 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<u>23 742 250</u>	<u>21 098 932</u>
Materialkostnad		753 991	801 702
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		804 417	586 258
Kostnad vedk. lokale	10	1 443 582	1 498 410
Lønskostnad	4, 5	15 079 271	14 538 085
Avskrivning	1	453 311	499 708
Annen driftskostnad	5	3 030 935	3 042 235
<b>Sum driftskostnader</b>		<u>21 565 506</u>	<u>20 966 399</u>
<b>Driftsresultat</b>		<u>2 176 744</u>	<u>132 533</u>
Renteinntekt		66 146	57 911
Annen finansinntekt		0	383 940
Rentekostnad		<u>-10 882</u>	<u>-16 000</u>
<b>Årsresultat</b>		<u>2 232 008</u>	<u>558 385</u>
<i>Disponering av årsresultatet</i>			
Overført til annan eigenkapital		<u>2 232 008</u>	<u>558 385</u>
<b>Sum disponert</b>		<u>2 232 008</u>	<u>558 385</u>

# Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2010	2009
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1	467 500	467 500
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	<u>1 316 714</u>	<u>1 443 608</u>
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<u>1 784 214</u>	<u>1 911 108</u>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<u>1 784 214</u>	<u>1 911 108</u>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		170 060	148 470
Andre fordringar	8	<u>109 379</u>	<u>70 205</u>
<b>Sum fordringar</b>		<u>279 439</u>	<u>218 675</u>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>	2	<u>3 875 759</u>	<u>989 467</u>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<u>4 155 198</u>	<u>1 208 142</u>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<u>5 939 412</u>	<u>3 119 250</u>


# Sogn og Fjordane Teater L/L


BALANSE PR. 31.12.


	Note	2010	2009
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<i>Innskoten egenkapital</i>			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10000)	3	<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annen egenkapital		<u>2 809 733</u>	<u>577 726</u>
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<u>2 809 733</u>	<u>577 726</u>
<b>Sum egenkapital</b>	7	<u>2 909 733</u>	<u>677 726</u>
<b>GJELD</b>			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		441 316	288 875
Skuldige offentlege avgifter		974 037	863 247
Anna kortsiktig gjeld	9	<u>1 614 320</u>	<u>1 289 400</u>
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>3 029 674</u>	<u>2 441 522</u>
<b>Sum gjeld</b>		<u>3 029 674</u>	<u>2 441 522</u>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<u>5 939 408</u>	<u>3 119 247</u>


FØRDE, den

  
Synnøve Sæmundsdotter Bjørset  
Vara for styreleiar


  
Terje Lyngstad  
Teatersjef/ dagleg leiar

  
Norunn Lunde Furnes  
Nestleiar

  
Steinar Lægjeid  
Styremedlem

  
Tone Stangeland  
Styremedlem

  
Olve Grotle  
Styremedlem

  
Kyrre Eikås Ottersen  
Styremedlem

## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

### Salsinntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

### Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til kollektiv pensjonsordning er ikkje balanseført.

### Skatt

Teatret er ei ikkje skattepliktig verksemd.

## Note 1 Varige driftsmiddel

	Personal- husvære	Bil	Inventar kontorutst.	Utstyr	Bygnings- innreing	Totalt
Kostpris l.l.	467 500	1 012 571	1 420 497	2 937 895	1 727 042	7 565 505
Tilgang		-	188 694	137 723	-	326 417
Avgang						
Kostpris 31.12.	467 500	1 012 571	1 609 191	3 075 618	1 727 042	7 891 922
Akkumul. avskrivningar 31.12.		783 179	1 031 756	2 583 843	1 708 930	6 107 708
<b>Balanseført verdi pr. 31.12.</b>	<b>467 500</b>	<b>229 392</b>	<b>577 435</b>	<b>491 775</b>	<b>18 112</b>	<b>1 784 214</b>
Avskrivningar i år	0	75 500	99 413	278 398	-	453 311

## Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	528 175	405 945

## Note 3 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

## Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigedelar
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	8	80 %
Førde kommune	2	20 %
<b>Totalt</b>	<b>10</b>	<b>100 %</b>

**Note 4 Pensjon**

Selskapet har ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan) som omfattar alle dei 16 tilsette, samt 11 tidligare tilsette. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

Selskapet sine tilsette har i tillegg ein tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (usikra ordning gjennom eit forsikringselskap). Selskapet sine tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år. Forpliktelsen i følge ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga omfattar 16 tilsette. Dei tilsette har følgjande aldersfordeling:

Under 30 år	0 stk
Frå 30 til 40 år	6 stk
Frå 40 til 50 år	2 stk
Frå 50 til 64 år	7 stk
Frå 64 til 70	1 stk

**Netto pensjonskostnad i år kjem fram på følgjande måte:**

	I år	I fjor
Utbetalte pensjoner frå selskapet	0	0
Utbetalingar til AFP-ordninga	65 456	25 528
Pensjonspremie til kollektiv ordning i år	1 276 046	1 068 138
Eigenandel pensjon tilsette	-167 280	-138 110
Tilbakebetaling av egenkapitaltilskudd til KLP forsikring	0	0
<b>Netto pensjonskostnad i år</b>	<b>1 174 222</b>	<b>955 557</b>

**Note 5 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.**

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner	12 144 437	12 190 292
Arbeidsgjevaravgift	1 302 822	1 130 842
Pensjonskostnadar	1 174 223	955 557
Andre lønsrelaterte ytingar	457 788	261 394
<b>Sum</b>	<b>15 079 270</b>	<b>14 538 085</b>

Snitt tal tilsette gjennom rekneskapsåret har vore 23,3 årsverk (fast + engasjement m.m).

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	624 656	52 265
Pensjonsutgifter	84 000	
Anna godtgjersle	28 770	

Dagleg leiar (teatersjef) er tilsett på åremål, og har avtale om 6 månaders løn etter avslutta arbeidsforhold. Det er gitt lån til dagleg leiar pålydane kr. 40.000, dette er regulert med avtale der nedbetalingstid (1 år) og rentebetingelsar (normrente) framgår.

**Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 71 875,-. Beløpet er inkludert merverdiavgift.

**Note 6 Spesifikasjon av driftstilskot**

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	15 761 000	14 261 000
Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	5 066 000	4 584 000
Ordinært tilskot Førde kommune	1 689 000	1 527 964
Ekstraordinært tilskot staten	200 000	0
<b>Sum</b>	<b>22 716 000</b>	<b>20 372 964</b>

**Note 7 Eigenkapital**

	Aksje- kapital	Annan eigenkapital	Sum
<b>Eigenkapital 31.12.09</b>	100 000	577 726	677 726
Resultat i år		2 232 008	2 232 008
<b>Eigenkapital 31.12.10</b>	<b>100 000</b>	<b>2 809 733</b>	<b>2 909 733</b>

**Note 8 Andre fordringar**

	I år	I fjor
Forskotsbetalt kostnader	62 185	49 431
Kortsiktig lån tilsette	47 194	20 774
<b>Sum</b>	<b>109 379</b>	<b>70 205</b>

**Note 9 Anna kortsiktig gjeld**

	I år	I fjor
Skuldig feripengar/ løn	1 392 853	1 125 497
Påløpne kostnader	221 468	163 903
<b>Sum</b>	<b>1 614 321</b>	<b>1 289 400</b>

**Note 10 Leigeavtalar**

	Leigeperioden oppheyrer	Kostnadsført husleige 2010
Husleigeavtale	01.01.2017	1 273 201



## Sogn og Fjordane Teater L/L

## RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2010	2009
<b>10 Billett og programsal</b>		
3010 BILLETTAR HOVUDOPPS.	-555 570,00	-206 805,00
3030 BILLETTAR ANDRE	0,00	-19 280,00
	<u>-555 570,00</u>	<u>-226 085,00</u>
<b>12 Anna salsinntekt</b>		
3210 ANDRE INNTEKTER	-357 039,00	-326 933,64
3270 UTLEIGEINNT. LYS	-88 137,30	-56 225,00
3272 UTLEIGE KOSTYME	-7 036,00	-11 420,00
3290 LEIGEINNT PERSBUSTAD	-800,00	-4 800,00
3630 HUSLEIETREKK	-2 668,00	-10 504,00
3900 GEVINST VED SALG DRIFTSMIDLER	-15 000,00	0,00
	<u>-470 680,30</u>	<u>-409 882,64</u>
<b>14 Driftstilskot</b>		
3410 ORD TILSKOT STATEN	-15 761 000,00	-14 261 000,00
3420 ORD TILSKOT FYLKET	-5 066 000,00	-4 584 000,00
3430 ORD TILSKOT KOMMUNEN	-1 689 000,06	-1 527 964,00
3440 EKSTRAORD TILSKOT STAT	-200 000,00	0,00
	<u>-22 716 000,06</u>	<u>-20 372 964,00</u>
<b>16 Refusjon frå samarbeidspartnarar</b>		
3490 ANDRE OFF TILSKOT	0,00	-90 000,00
	<u>0,00</u>	<u>-90 000,00</u>
<b>20 Materialkostnad</b>		
4755 BEDRIFTSHELSETJENESTE	20 944,00	26 645,00
5010 DEKORASJONAR MATR.	335 574,72	298 131,00
5020 KOSTYMER KJØP O.L.	99 566,96	106 922,00
5022 KOSTYMER VEDLIKEH.	2 163,00	4 442,00
5030 REKVISITTER PROD.	42 140,09	50 420,00
5035 REKVISITTER TURNE	1 609,19	7 589,00
5040 FRISØR, SMINKE O.L.	15 970,20	31 269,00
5050 DIV. UTG. PRODUKSJON	12 285,19	29 936,00
5115 KONTORUTSTYR	1 394,00	399,00
5120 SCENEUTSTYR	25 378,50	90 104,00
5122 SCENEUTS SMÅKJ/VEDLH	7 711,00	24 226,00
5125 LYSUTSTYR	51 034,12	31 305,00
5127 LYSUTST SMÅKJ/VEDLH	23 547,80	31 136,00
5135 LYDUTSTYR	34 987,25	7 676,00

## Sogn og Fjordane Teater L/L

## RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

		<b>2010</b>	<b>2009</b>
5140	VERKSTADUTSTYR	254,00	0,00
5142	VERKSTAD SMÅKJ/VEDLH	21 704,05	11 329,00
5144	SVEISEVERKSTAD	13 099,88	11 931,00
5147	SYSTOVE SMÅKJ/DIV.	36 089,38	20 290,00
5150	DIVERSE UTSTYR	8 538,00	17 952,00
		<u>753 991,33</u>	<u>801 702,00</u>
<b>35 Kostnad turne/oppøkjande verksemd</b>			
6510	TURNEBUSS	34 031,51	48 903,00
6520	DIV REISE/TRSP	123 335,40	119 224,00
6540	HOTELL TURNE	311 096,00	235 625,00
6550	HUSLEIGE TURNE	93 313,00	96 415,00
6555	BÆREHJELPER TURNE/m ARB.Gj.AVG	105 400,00	65 752,00
6560	ARRANGØRPROVISJON	74 232,50	11 789,00
6590	DIVERSE UTG. TURNE	63 008,62	8 550,00
		<u>804 417,03</u>	<u>586 258,00</u>
<b>37 Kostnad vedk. lokale</b>			
6210	FASTE HUSLEIGEUTG.	1 192 534,33	1 185 201,00
6215	ANDRE HUSLEIGEUTG.	80 666,63	88 000,00
6220	STRAUM LOKALE	134 968,37	168 188,33
6230	KOMMUNALE AVGIFTER	12 010,00	30 412,00
6270	REINHOLD LOKALE	21 713,42	22 201,00
6290	DIV UTGIFTER LOKALE	1 689,00	4 408,00
		<u>1 443 581,75</u>	<u>1 498 410,33</u>
<b>40 Lønskostnad</b>			
4000	LØNN	8 160 185,80	6 883 390,00
4001	HONORAR	1 411 397,00	1 362 587,00
4002	LØNN OVERTID	493 869,90	409 286,00
4004	HONORAR SJØLVS. NÆRING	1 186 622,66	2 625 808,00
4310	FERIEPENGAR	1 237 085,93	1 054 716,00
4410	HONORAR STYRET	52 265,00	69 544,00
4451	MIDDAGSPENGAR ADM.	1 700,00	2 800,00
4460	ARBKLÆR IKKJE OPPGPL	12 600,00	12 600,00
4510	ARBEIDGJ.AVG LØN	1 160 518,72	1 019 042,00
4511	AGA Bærehjelper Manuell	11 172,00	0,00
4520	ARBGAVG SKULD FERIEP	131 131,66	111 800,00
4610	REFUSJON SJUKEPENGAR	-480 339,00	-215 039,00
4630	ANDRE LØNNSREFUSJ.	-17 127,17	0,00
4710	PERSONALUTVIKLING	92 830,79	16 631,00
4712	PC TIL TILSETTE	33 632,50	30 648,00

Sogn og Fjordane Teater L/L

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

		<b>2010</b>	<b>2009</b>
4715	OPPL./UTVIKL.FOND	3 172,00	3 248,00
4751	DIV LEGE/MEDISINUTG	1 005,90	2 660,00
4760	KANTINEUTGIFTER	39 454,08	30 997,00
4770	VELFERD PERSONALE	48 426,43	24 359,00
4790	PERSBUST EIGNE,LEIGE	58 212,00	58 671,00
4792	PERSBUST ELKRAFT	36 668,90	15 977,45
4797	PERSBUST DIV UTG	114 336,09	57 789,00
4799	PERSBUSTAD INVENTAR	0,00	499,00
4810	PENSJONSPR U/ARBGAVG	0,00	1 508,00
4811	PENSJONSPR M/ARBGAVG	1 174 222,67	730 484,00
4812	PENSJONSPR AFP M/ARB	0,00	223 565,00
4999	PÅLØPNE LØNNSKOSTNAD	84 726,79	0,00
5130	MUSIKARUTSTYR	15 750,00	4 515,00
5210	EK tjenester Pliktig	51 500,20	35 961,00
5240	RENTEFORDEL	135,90	14,00
5250	Forsikringer - Lønn/Personal	1 185 594,00	1 032 299,00
5292		-51 500,20	-35 961,00
5295	Forsikringer Lønn/Persn - MOTKONTO	-1 185 594,00	-1 032 299,00
5298	MOTKONTO RENTEFORDEL	-135,90	-14,00
5800	REFUSJON TRYGDEETATEN	-468 435,00	-215 039,00
5801	MOTKONTO REFUSJON TRYGDEETATEN	468 435,00	215 039,00
6551	Bærehjelp lønnssystem m/aga	15 750,00	0,00
		<b>15 079 270,65</b>	<b>14 538 085,45</b>
<b>50 Avskrivning</b>			
7860	AVSKR FAST BYGN.INV.	453 311,00	499 708,00
		<b>453 311,00</b>	<b>499 708,00</b>
<b>70 Annen driftskostnad</b>			
5110	KONTORINVENTAR	1 207,00	0,00
6010	REVISJONSHONORAR	71 875,00	70 813,00
6030	LEIGD ARBEIDSHJELP	52 989,50	3 500,00
6060	RETTAR/AVGIFT MUSIKK	80 967,00	50 652,00
6110	ANNONSER FRAMSYNING.	343 914,77	211 866,00
6115	ANDRE SALGSANNONSER	133 399,25	48 709,00
6120	PROGRAM	80 793,75	90 250,00
6125	PLAKATAR	47 937,50	59 561,00
6130	GRAFISKE TJENESTER	51 375,00	56 999,00
6135	MEDIEOVERVÅKING	28 750,00	51 125,00
6140	FOTOGRAFERING	19 950,00	30 031,00
6160	INTERNETT	90 158,46	73 003,00
6410	KONTORREKVISITA	9 109,75	20 353,00

## Sogn og Fjordane Teater L/L

## RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

		2010	2009
6420	TELEFON	127 010,91	144 349,72
6425	PORTO	23 636,81	19 703,00
6440	KOPIERINGSUTGIFTER	13 544,85	975,00
6460	VEDLIKEH KONTORMASK.	1 968,75	13 433,00
6465	VEDLIKEH DATAPROGRAM	45 763,00	55 377,00
6470	ANNONSER ADM.	5 355,00	72 759,00
6480	DIVERSE KONTORKOSTN.	11 496,50	2 517,00
6490	MØTEKOSTNADER	15 081,79	14 656,00
6495	ANDRE ADM.KOSTNADER	20 927,00	14 021,00
6630	BLOMSTER, ARR. O.L.	62 545,41	48 262,00
6650	AVISER/TIDSSKR/BØKER	17 398,79	12 884,00
6690	DIV PRODUKSJONSKOSTN	7 937,43	6 590,00
6710	DIESEL/BENSIN/OLJE	99 213,67	65 671,00
6720	REP/VEDLIKEHALD BIL	128 981,38	78 817,00
6730	FORSIKRING/AVG. BIL	57 265,00	72 727,00
6740	ANDRE KOSTNADER	291 723,43	688 769,00
6800	DIETT	330 406,00	217 221,00
6801	BILETTER	53 014,50	96 355,00
6802	HOTELL/OVERNATNING	14 295,00	29 697,00
6803	Diett Sjølvstendig Næring	86 260,00	0,00
6804	DIETT TR. PLIKTIG	46 247,00	21 308,00
6855	PROD HOTELL/OVERN.	128 604,00	115 544,00
6857	PROD BILLETTAR O.L.	40 211,10	73 786,00
6858	FRIE HEIMREISER ALLE	45 816,00	88 497,00
6859	PROD REISE	59 688,00	86 959,00
6898	REFUSJON REISER PROD	0,00	1 579,00
6910	KONTINGENTAR	122 296,96	109 432,00
6950	FORSIKR INV./UTSTYR	33 862,00	30 737,00
6960	FORSIKRING PERSONAL	32 831,00	38 341,00
7099	ØREDIFFERANSE	-0,10	0,00
7100	BILGODTGJERSLE	82 766,05	53 486,00
7101	Passasjertillegg	12 110,40	360,00
7150	DIETT UTLAND	0,00	560,00
7810	TAP PÅ KRAV	250,00	0,00
		<u>3 030 934,61</u>	<u>3 042 234,72</u>
<b>110 Renteinntekt</b>			
8010	RENTEINNTEKTER BANK	-65 750,00	-57 372,00
8040	ANDRE RENTEINNTEKTER	-396,44	-539,00
		<u>-66 146,44</u>	<u>-57 911,00</u>
<b>115 Annen finansinntekt</b>			

## Sogn og Fjordane Teater L/L

## RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	<b>2010</b>	<b>2009</b>
8070 ANDRE FINANSINNTEKTER	<u>0,00</u>	<u>-383 940,36</u>
	<b>0,00</b>	<b>-383 940,36</b>
<b>145 Rentekostnad</b>		
8110 RENTEKOSTNADER BANK	625,87	5 264,00
8111 BANKGEBYR	9 659,50	10 736,00
8140 ANDRE RENTEKOSTNADER	<u>597,00</u>	<u>0,00</u>
	<b>10 882,37</b>	<b>16 000,00</b>
<b>320 Overført til annan egenkapital</b>		
8960 AVSETT TIL ANNAN EGENKAPITAL	<u>2 232 008,06</u>	<u>558 384,50</u>
	<b>2 232 008,06</b>	<b>558 384,50</b>

**Sogn og Fjordane Teater L/L****BALANSE PR. 31.12.**

	2010	2009
<b>535 Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom</b>		
1160 PERSONALBUSTADER	467 500,00	467 500,00
	<u>467 500,00</u>	<u>467 500,00</u>
<b>550 Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.</b>		
1230 BIL M/HENGAR	229 392,00	304 892,00
1250 INVENTAR	316 082,44	342 642,00
1260 FAST BYGN.INVENTAR	14 962,00	18 112,00
1270 VERKTY O.L.	491 775,04	632 450,00
1280 KONTORMASKINER	180 383,00	46 251,00
1290 ANDRE DRIFTSMIDLAR	84 119,19	99 261,00
	<u>1 316 713,67</u>	<u>1 443 608,00</u>
<b>610 Kundefordringar</b>		
1500 KUNDEFORDRINGAR	107 705,00	148 470,00
1770 OPPTENT INNTEKT	62 355,00	0,00
	<u>170 060,00</u>	<u>148 470,00</u>
<b>615 Andre fordringar</b>		
1571 REISEFORSKOT	5 185,95	1 284,00
1575 LØNNSFORSKOT	9 999,02	0,00
1576 KORTSIKTIG LÅN TILS.	47 194,00	20 554,00
1725 FORSKOTSBETALTE KOSTNADER	47 000,06	48 147,00
2680 TREKK PC TILSETTE		220,00
	<u>109 379,03</u>	<u>70 205,00</u>
<b>655 Bankinnskot, kontantar o.l.</b>		
1900 KASSE	11 649,00	1 053,00
1920 BANK DRIFTSKONTO DNB	3 326 098,03	572 188,00
1922 POSTBANKEN/POSTGIRO	1 601,98	1 600,00
1925 BANK SPB SOGN OG FJ.	4 248,48	4 807,00
1930 FØRDE SAMYRKELAG	3 986,04	3 874,00
1950 BANK SKATTETREKK DNB	528 175,34	405 945,00
	<u>3 875 758,87</u>	<u>989 467,00</u>
<b>670 Aksjekapital (10 aksjer á kr 10000)</b>		
2000 AKSJEKAPITAL	-100 000,00	-100 000,00
	<u>-100 000,00</u>	<u>-100 000,00</u>

**Sogn og Fjordane Teater L/L****BALANSE PR. 31.12.**

	<b>2010</b>	<b>2009</b>
<b>695 Amnen egenkapital</b>		
2050 ANNA EIGENKAPITAL	-2 809 733,31	-577 725,50
	<u>-2 809 733,31</u>	<u>-577 725,50</u>
<b>700 Udekka tap</b>		
2080 UDEKKA TAP	0,05	0,00
	<u>0,05</u>	<u>0,00</u>
<b>780 Leverandørgjeld</b>		
2400 LEVERANDØRGJELD	-441 316,31	-288 875,00
	<u>-441 316,31</u>	<u>-288 875,00</u>
<b>790 Skuldige offentlege avgifter</b>		
2600 FORSKOTTSTREKK SKATT	-502 353,60	-439 917,00
2610 PÅLEGGSTREKK SKATT	-13 710,00	0,00
2650 TREKK FAGFOREININGSK	-605,70	-205,00
2770 SKULDIG ARBGJ.AVGIFT	-329 958,00	-311 961,00
2780 PÅL. ARBGJAVG FERIEP	-127 410,19	-111 164,00
	<u>-974 037,49</u>	<u>-863 247,00</u>
<b>800 Anna kortsiktig gjeld</b>		
2916 Minnegåve Grønnskag	-3 483,00	-3 483,00
2930 SKULDIG LØN	-190 874,79	-76 776,00
2940 SKULDIGE FERIEPENGAR	-1 201 977,84	-1 048 721,00
2960 PÅLØPNE KOSTNADER	-217 984,86	-160 419,50
	<u>-1 614 320,49</u>	<u>-1 289 399,50</u>

Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater L/L

## **Melding frå revisor**

### **Fråsegn om årsrekneskapen**

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Teater L/L, som er samansett av balanse per 31. desember 2010, resultatrekneskap som viser eit overskot på kr 2 232 008 for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane Teater L/L per 31. desember 2010, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.





## Fråsegn om andre tilhøve

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 7.april 2011

**PricewaterhouseCoopers AS**

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Jan Flølo', is written over the printed name and title.

Jan Flølo  
Statsautorisert revisor